LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 29.05.2017 |
| Vår: 17/806 - 17/15169 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Oversending av søknad til uttale - gbnr 194/17 Mundal nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av grindabustad.

Søknaden opplys ikkje kva det søkjast dispensasjon frå, men kommunen har lagt til grunn at det søkjast dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 (KPA) og frå byggjeforbodet i 100 meters beltet langs sjø, jf. pbl. § 1-8.

Grindabustaden er opplyst å vere BRA 14m$^2$, BYA 16m$^2$.

**Planstatus**
Hytta er plassert innafor KPA spreidd bustadbygging pkt. 5.35, #18 Mundal Ø, 2 naust. Det er tillat med 2 naust innafor sone #18, jf. KPA pkt. 5.35. Grindabustaden skal byggjast i flukt med hytta og plasserast i LNF-området. Føremålet med bruken er fritid og rekreasjon. Dispensasjon frå LNF- føremålet er nødvendig. Grindabustaden skal oppførast innafor definert byggjegrense for strandsona. Dispensasjon frå byggjeforbodet i 100 meters beltet langs sjø er nødvendig.

Utsnitt av kommuneplanen



Utsnitt grunnkart




**Andre tilhøve**
Det ligg føre teikningar, situasjonsplan samt flyfoto som viser plassering av grindabustaden.

Dispensasjonen er ikkje nabovarsla.

Kommunen har likevel valt å sende saka på høyring for å få avklart moglegheitene for ein dispensasjon. Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhenta naudsynt dokumentasjon.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Gbnr 194_17 Grunnkart matrikkel
Gbnr 194_17 Kommuneplankart oversikt
Gbnr 194_17 Kommuneplankart
Gbnr 194_17 Ortofoto 2015
Gbnr 194_17 Ortofoto 2

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon - gbnr 194/17 Mundal nedre
Grindabu 01c, 194-17 Lindås

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ole Fritjof Godtfredsen | Knarreviktoppen 56 | 4637 | KRISTIANSAND S |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |